

Årsmelding 2024

Fjell sokn




DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve
Grafisk produksjon og redaktør:
Yngvild Mørner Sørheim



Under oppstartsgudstenesta i august vart det presentert tre nye tilsette, diakoniarbeidar, kantor og ungdomsarbeidar

ÅRSMELDING FRÅ FJELL SOKNERÅD



Eigil Nødtvedt
Soknerådsleiar

Helsing frå leiaren

2024 vart igjen eit annleisår i Fjell sokn, men samstundes eit særleg spanande år. Dei to største sakene vart sjølvsagt 150-årsjubiléet og restaureringa av kyrkja. Ei anna stor sak var dessutan den store oppstartgudstenesta i august med både ny kantor, ny diakon og ny ungdomsarbeidar.

Uansett aktivitet og møteplass i ein travel kyrkjelyd, er det alltid gudstenestene som vert den viktigaste storfelleskapen for kyrkjelydsmedlemmane. Så hjarteleg takk til kvar og ein av dykk som vitja Fell kyrkje i 2024! Og hjarteleg takk til våre uerstattelege medarbeidarar – både frivillige og tilsette!

Soknerådet sin årsrapport

Visjonen til Fjell sokneråd for 2024 vart endeleg vedteken i juni:

«Ei kyrkje for alle»

Det vart ein lang og grundig prosess fram til konklusjonen. Visjonen er krystallklar og eit overordna viktig mål å jobbe fram mot.

Samansetjinga av rådet

Medlemmar:

- Eigil Nødtvedt (leiar)
- Søgne Lillevik Nilsen (nestleiar)
- Arvid Nese (fellesrådsrepresentant)
- Harald Pedersen Fylling (vararep. til fellesrådet)
- Svein Jarle Yndestad Eide
- Magny Bjørsvik

Varamedlemmar:

Gerd Fjeld Andersen, Hans Kristian Hornnes, Gyri Ann Lie, Paul Edvin Marhaug, Sigrun Bergsvik

Sokneprest Per Hjemdal har fast plass i soknerådet. Sokneteamsleiar Anne Ludvigsen Kaldestad har møtt i aktuelle saker for dei tilsette, og diakon Astrid Fylling har møtt i aktuelle saker for det diakonale arbeidet.

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 11 møte og behandla 186 saker. Viktige saker har mellom anna vore:

- Gjevartenesta til barne- og ungdomsarbeidet
- Misjonsprosjektet Thailand/Laos
- 150-årsjubiléet for Fjell kyrkje



- Jubileumsbasaren
- Prosjektsamarbeid med Kolltveit, Knappskog, Skålevik og Ulveset barneskular i samband med 150-årsjubiléet
- Innvendig og utvendig restaurering av kyrkja
- Utbetring inne i kyrkjesalen med nye fargar på benkar og veggjar
- Innkjøp og sal av glas-/jubileumsjulekuler
- Gudstenestelister, hausttakkefest, julegudstenester, juletreffest
- Informasjonsfaldar vår og haust
- Offerlister og halvårsplanar for frivillige medarbeidarar
- Konfirmasjonane
- Oppstart av arbeid med fokus på bibelgrupper/ husfellesskap i Fjell kyrkjelyd
- Oppstart av kristen motorsykelklubb med mekkeverkstad
- Busstur til Moster i samband med 750- og 1000-årsjubiléa
- Oppgradering av uteområdet kring kyrkja
- Gospel-søndagskveldane
- Ny redaksjonsmedarbeidar i kyrkjelydsbladet «Himmel&hav»
- «Aksjon Godheit 2024»
- Open kyrkje med tema-/retreatkveldar om onsdagane
- Frivilligdagane på Sartor vår og haust
- Strategiplan for soknerådet
- Møte med sokneteamet
- «Kyrkja vår» - ein heilskapleg kyrkjelydsplan for soknet
- Arbeid med nytt diakoniutval
- Tilstetjing av ny diakonimedarbeidar i 50 % stilling
- Tilstetjing av ny ungdomsarbeidar i 20 % stilling
- Vigslingsgudsteneste med biskopen i Bjørgvin
- Frivilligfest/inspirasjonssamling for dei frivillige medarbeidarane
- Økonomi, budsjett, rekneskap mm.

Onsdagsføremiddagane har kyrkja vore open igjen etter restaureringa med tilbod om mat & prat, tru & tur, bøn & fellesskap. Onsdagskveldane har det vore bibelundervisning, kåseri, salmekveld, retreat, kveldsbøn og «Fest på kjerka» – gjerne med kveldsmat til.

Langfredag var det også korsvandring langs kyrkjevegen frå Morland til gudsteneste i Fjell.

Det har vore arrangert fire «Gospelsøndagar» med stort frammøte og fengjande song og musikk.

Undergrupper og utval

Over 50 frivillige har mellom anna drive følgjande aktivitetar:

- Søndagsskule
- Fjell barnekor
- Tweens-arbeid
- Frivilligutval
- Informasjonsutval
- Basargruppe
- Onsdagskveldkomité
- Retreatkveldkomité
- Juletreffest
- Godheitsaksjon

Andre spesielle saker

Eit årvisst tilbod har vore kyrkjevandring for alle 3. klassingane på Knappskog, Kolltveit, Skålevik og Ulveset skular. Her har det vorte mange spanande møte mellom elevar og kyrkje.

Vervekampanjen «Saman om barne- og ungdomsarbeid» for finansiering av den felles ungdomsarbeidarstillinga for sokna, har gjort det mogleg å halde fram med det breie B&U-arbeidet innan søndagsskule, konfirmantarbeid, leiartrening, barnekor, Basecamp og Tweens-arbeid.

Det er ei glede å sjå kyrkja stå strålende fin og nyoppussa både innandørs og utandørs. Innan våren kjem, skal også tårnet vere ferdig oppussa og ha fått nytt tak.



ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Per Hjemdal
Sokneprest

Bur Gud verkeleg på jorda? bad kong Salomo då han innvigde tempelet i Jerusalem (2. Kong. 8).

Kongen sitt svar var sjølvsagt nei, men likevel vigde han det flottaste huset han bygde i heile sitt liv, til Gud. For sjølv om ikkje Gud treng hus, gjer sanneleg vi som er hans kyrkjelyd det!

Kyrkjelydssalen fungerte framleis godt som gudstenesterom gjennom det meste av 2024. Så godt fungerte det, at eg fekk inntrykk av at nokon nesten lurte på om det ville bli det same å flytte tilbake til kyrkjerommet.

Det blei det sanneleg! Især når kyrkja var nymåla inni, med lyse veggjar, søyler som tala eitt språk når det gjaldt fargar, og benkar som var langt meir rolege i uttrykket. Det aller meste av arbeidet som blei gjort med kyrkja, var av strukturell og stort sett usynleg karakter. Då var det veldig flott at fellesrådet løyvde pengar også til innvendig oppgradering med ny maling osv.

Og sjølv om vi er takksame for at vi fekk feire konfirmasjon i Foldnes kyrkje, blir det godt å kunne vere tilbake i vårt eige kyrkjerom neste gang.

Eit klart høgdepunkt i 2024 var markeringa av Fjell kyrkje 150 år. Ein god komité arbeidde godt med å førebu stor slått feiring i ei veke til ende. Særleg godt for soknepresten var det å merke at medan han var sjukemeldt i store deler av våren, gjekk arbeidet stødig vidare.

Når vi difor den 22. september starta jubileumsfeiringa med stor familiedag med leikar, grilling, hesteriding og klovnebesøk, var det kjekt at det kom mykje folk. Og slik heldt det fram heile veka! Etter gospelsøndag, pilegrimsvandring, temakveld om kristenretten, gospelmesse og jubeltweens, etter opera og teater og jubileumsgudsteneste både for born og vaksne, kunne vi skryte av meir enn 2300 personar innom kyrkja på ei veke. Det var stas, og eg trur eit godt løft for kyrkjelyden etter så langt tid ute frå rommet.

Det viste seg at kyrkja likevel ikkje var heilt ferdig. Ho var tilgjengeleg i helgene og på kveldstid, men med nye stillas reist ved kyrkjelydssal og tårn, blei det ikkje mogleg å bruke kyrkja på dagtid i veka. Framleis måtte vi til Foldnes eller andre stader for gravferd til Fjell eller Vestsida kyrkjegard. Vi håper denne situasjonen ikkje blir ved lenge i 2025.


Men det var iallfall svært kjekt å feire jul i kyrkja i år, og sjå at tallet på besøkande steig med 500 % frå i fjor!

Elles er det positivt å vere sokneprest i Fjell sokn. Stort sett god søking til gudsteneste, 79 flotte konfirmantar, og gode medarbeidarar. Eg opplever eg er medlem i eit sokneråd som begynner å fungere godt saman. I 2024 var det fint å få ny daikonimedarbeidar, og like eins ny organist. Det er ei stor glede å kunne planlegge saman med gode og flinke folk!

Soknerådet vedtok ny visjon for Fjell kyrkje: «Ei kyrkje for alle». Det forpliktar! Så vil vi prøve å vere for alle ved å ta imot og inkludere, ha open dør mot verda utanfor og vennlege menneske innafor. Framleis vil vi vere stolt av å vere Jesu kyrkje, og halde budskapet om nåden høgt.


STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



Pr. 31.12.2024 er det **6983** medlemmer i Fjell sokn.

ANTAL DØYPTE



Søylene visar det totale antal gudsteneste-deltakarar og antal døypte i Fjell sokn sidan 2019.





ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Barn og ungdom

Trusopplæringsprogrammet «T-dagen» er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Der T-dagen vert arrangert i eller ved éi av kyrkjene, er borna og ungdomane i dei to andre sokna også invitert.

FUNK er forkorting for «For Ungdom i Kyrkja», og er namnet på det ungdomsarbeidet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane som samarbeidar om mykje av ungdomsarbeidet: Konfirmantarbeidet, leiarkurset, turar og leiarweekend, adventsfest og sommarfest.

Også i 2024 har alle døypte og tilhøyrande blitt inviterte til T-dagane, dei fleste gjennom invitasjon i posten, og i tillegg med invitasjonar gjennom facebooksidene til kyrkja, gjennom kyrkjebladet, kunnngjeringane og gjennom SMS.

Det har vore svært gledeleg å kunne ha T-dagar i Fjell kyrkje igjen. «T8 Pilgrim» avslutta vandrainga si ved Fjell kyrkje, og vart med på «Familiedagen» under jubileumsveka i september. Ein flott dag, og ein tenker å gjere noko liknande igjen.

Babysong har hatt sine samlingar i barnehagen i haust, men vil bruke kyrkja igjen når den er klar.

Me er utruleg takksame for alle frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane, både i Fjell og i dei andre kyrkjene.

Tweens og Tweens+

Frå hausten har me vore tre tilsette som har ansvaret på Tweens, pluss fleire trufaste, trygge vaksne som stiller gong etter gong. I tillegg har Bildøy bibelskole sendt fire praksiselevar. Dei berikar miljøet, saman med konfirmantar, LED og andre ungdomsskolelevar som kjem på Tweens+. Høgdepunktet i år var JubelTweens der tryllekunstnar Ruben Gazki og ordføraren deltok og strødde glans over arrangementet. Dessutan vart HalloTweens og adventsfesten flotte kveldar kor det kom ekstra mange deltakarar.

- Antal Tweens: 30-70
- Antal vaksne: 5-8

Tweens+ gjengen har vore ei gruppe ungdommar (8. Klasse og oppover), som både deltek og er hjelpeleiarar på Tweens. Nokre har valgt aktiviteten som konfirmant, og andre fordi dei er med på LED. Dei er dyktige og veks med oppgåvene, og me vaksne lærer og blir inspirert av dei.

Søndagsskule

Dåpsgudstenestane vart prioriterte av våre trufaste leiarar. Ca. 8 av 13 søndagsskuler var delte, der dei som ville, var i kjellaren, og dei over skulealder var i gymsalen der det både var aktivitet og andakt. Vi bruker framleis Sprell Levande, men leiarane vel sjølv kva opplegg dei vil bruke.

- Antal i kjellar: 4-15 born
- Antal i gymsal: 3-7



Samarbeid med skular og barnehagar

Vårt samarbeid med skulane har vore fint dette året, sjølv om ein ikkje har kunna bruke kyrkja slik som vanleg. Med enkle grep og fleksibilitet frå begge sider, har dei fleste av dei pedagogiske tiltaka blitt gjennomførte.

Skulene

3. klasse-vandringane i januar måtte gå ut, men vandringane på kyrkjegarden for 2. klassane vart som vanleg gjennomførte. I advent kom ein skule til kyrkja, medan dei andre tre skulane fekk besøk av prest, pedagog og organist. Det vart då, etter ynskje frå skulane, skipa til skulegudsteneste i gymsalane kringom. Bakgrunnen er mest at skulane ikkje har råd til buss. I jubileumsveka var fleire klassar på kyrkjebesøk for å lære om kyrkja si historie. Tredje og sjette klassingar kom med kunst som fekk pryde kyrkjelydssalen ut året. Skulane har fått både kurset Bibelsporet og forteljinga om Olav den heilage.

Barnehagane

Før påske fekk alle besøk med opplegg frå kyrkja. Dette sidan vi ikkje kunne invitere dei inn i kyrkja. Dei var svært glade for det. Til advent fekk vi høve til å opne kyrkja for samlingar, slik som vanleg.

I samband med 150-årsjubileet laga kyrkja kunstprosjekt med utstilling utanfor kyrkja. Vakre fargerike barneteikninga pryda då både kyrkjevegg og park.

KRIK Ulveset

KRIK Ulveset har hatt samling kvar tysdag foruten forutan haust- og vinterferie. Vi har ein stabil gjeng på ca. 10-12 ungdommer som stiller opp på øktene våre. Økten inneheld leik, ballspel og andakt. Vi har

også vore ein laurdag i haust på Brann Stadion og heia Brann til siger. Vi har hatt ein fin gjeng leiarar som er lokale og vi har hatt eit fint samarbeid med KRIK-linja på Bildøy Bibelskole. Dei har praksis i vårt KRIK-lag. Det har fungert veldig bra.

Konfirmant

79 konfirmantar vart konfirmert siste helga i april. Hausten 2024 var talet 76 nye konfirmantar.

Endeleg får me bruke kyrkjerommet att! Det har vore etterlengta og då passa det godt å starte konfirmantåret med T14, 5. september. Etter T14 rakk me éi konfirmantsamling med konfirmantane, før det braka laus med jubileumsveke. Det var stas!

Ei endring som vart gjort frå året før er at me flytta konfirmanthelgene på Skjergardsheimen, til seinare på hausten, oktober/november. Førre året, 2023, starta konfirmantåret rett på leir i september. Dette er ein god måte å verte kjend med konfirmantane og å lære seg namna deira. Målet for leiren er å kjend med Bibelen, som dei hadde fått på presentasjonsgudstenesta. Me fokuserte på korleis me brukar Bibelen gjennom rebus og spørsmål.


Elles vart det og rom for mykje leik på konfirmanthelgene. Difor kan me seie at eit tenkt slagord for leiren kunne vore: Bli kjend med Gud, Hans Ord og kvarandre. Det vart ei god innføring i så måte.

I undervisningssamanheng er me utruleg glade og takksame for å kunne bruke kyrkja meir enn berre kyrkjelydssalen. Me må rette ein stor takk til Foldnes sokn som hadde husrom til konfirmantane våre då det var konfirmasjonsgudstenester siste helga i april. Med det sagt: Gler me oss veldig til atter å feire konfirmasjonar for dei flotte fjedlakonfirmantane våre, i ei ferdigrestaurert Fjell kyrkje.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIARBEIDAREN



Renate Olsen Seim
Diakoniarbeidar

Kyrkja vår har dessverre vore mykje stengt grunna rehabiliteringsarbeid. Men vi fekk så vidt starta opp igjen open kyrkje i haust til stor glede. Kyrkja har opne dører kvar onsdag frå kl. 09-13 som gjer at ein kan komme inn i kyrkja og berre vere til stades om ein ønskjer det. Det er også opent for samtale med diakonen, og moglegheit for å samlast rundt bordet for prat, kaffi

og vaflar. Vere med i ettermiddagsbønn og moglegheit for å delta på tur med turgruppa etterpå. Vi har også hatt flotte besøk av barnehagar under open kyrkje.

Vi har møtt fleire ved å besøkje folk i heimane sine, eller på kontoret. Nokre samtalar har også gått føre seg medan vi har vore ute på tur ilag.

Frivillighetsdagene på Sartor senter gjekk veldig fint. Mange var engasjerte og opplevde det kjekt å vere med å stå stand for kyrkjene våre her i Øygarden.

I mars hadde vi diakoniens dag der diakonen talte under gudstenesta og hadde ekstra fokus på diakoni. Det vart tilsett ein ny diakon i august i 50 % stilling.

Dette året gjekk bussturen til vakre Moster. Ein flott fellestur med guida omvising i gamle Moster kyrkje, deretter omvising «frå heidendom til kristendom» på museet Moster Amfi. Vi fekk servert nydeleg mat, og vi var ein flott bukett av ulike menneske som fekk ei fin felles oppleving.

I samband med Fjell kyrkje sitt 150-årsjubileum organiserte vi eit felles treff for alle kyrkjene i kyrkjelydsalen i Fjell. Med song, latter, foredrag, mat og prat fylte vi opp lokalet med glede.

Allehelgensdag vart markert med stand på Sartor senter på laurdagen og gudsteneste på søndagen. Det er ei sterk oppleving å kunne møte menneske med ei gåve, eit lys og omsorg. Fleire stoppa opp og tok ein prat med oss som stod på senteret. Kyrkja er ikkje redd for å snakke om døden, og det får menneske oppleve også rundt allehelgensdag. Gudstenesta var god og det er godt å kunne minnst kvar enkelt av dei som er gått bort det siste året med å lesa namnet og tenne eit lys for dei avdøde.

Og så det er med stoltheit og fryd å fortelje at ved juletider fekk vi laga eit diakoniutval. Ei flott og engasjert gjeng som har mange gode tankar og ønskjer å bidra inn mot Fjell sokn og soknerådet vårt.

I starten av desember samla vi sju damer i Fjell kyrkje til førjulskos. Vi bakte lefser ilag, og dette var eit fint høve til å treffa nye menneske og bli litt betra kjent med kvarandre. Vi koste oss også saman med å laga fine små dekorasjonar som skulle vere i kyrkjelydsalen til ulike høve. Som å pynta bordet til kyrkjekaffi.

Vi takkar alle som har bidrege til arbeidet til diakonitenesta i året som har gått, og ser fram til eit framleis godt samarbeid i 2025.

Kantor satte saman eit jubileumskor
som sang under jubileumsgudstenesta



ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Solveig Karoline
Flekstad Vik**
Kantor

Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigslar, konsertar, gospelsøndag, føremiddagstreff, salmekvelder, Vi syng jula inn i samarbeid med grunnskule/barnehage, solistar, instrumentalistar på gudstenester, Øygarden kyrkjebrass, barnekor og Sotra reviderte.

Frivelege i musikkarbeidet

Det er mykje musikk som blir øvd på i kyrkja vår, og me er heldige å ha Fjell Barnekor, Sotra Reviderte og Øygarden kyrkjebrass. Dei har gitt oss mange gode musikkoppleingar i året som har vore og me er takksame for alt dei har bidrege med i kyrkja vår.

Jobben som kantor

38 tenester hausten 2024: 20 gudstenester, 15 gravferder, tre vigslar, eit føremiddagstreff og ein salmekveld.

Visjonar for framtida

I 2025 jobbar eg med å planlegge korarbeidet vidare i kyrkja. Eg planlegg å starte opp eit nytt kor som skal vere for alle som er glad i musikk og liker å syngje. Det er allereie vist interesse frå fleire som tek kontakt angående når koret startar, og eg håpar på å starte opp hausten 2025.

Barnekoret er i vekst, og no arbeider vi for å ha øving ein gong i veka og ha felles familiemiddag ca. ein gong i månaden. Vi håpar at fleire barnefamiljar kjem meir fast inn i Fjell kyrkjelyd.

Eg jobbar også for å få ei fungerande forsongarliste.

Eg håpar å arrangere nokon konsertar og salmekvelder i året som kjem.

Viktige musikalske hendingar hausten 2024

- Jubileumsveka:
 - » Familiegudsteneste med barnekor 22. september
 - » Gospelsøndag
 - » Jubileumstreff – med allsong, og solo ved Ole Kristian Hamre
 - » FRED – en messe, Gospelcompagniet
 - » Konsert med Renate Ekerhovd og Øygarden kulturskulekor
 - » Jubileumsgudsteneste – Jubileumskoret og Øygarden Kyrkjebrass
- Adventskveld – salmekveld 4. desember
- Vi syng jula inn – 15. desember med Lukas TenSing, Fjell barnekor og Sotra Reviderte



Fjell Barnekor var med på Vi syng jula inn



Gospelcompagniet under jubileumsveka



Renate ekerhovd saman med Øygarden kulturskulekor



Kantor i Fjell og diakon i Landro vart vigsla til teneste av biskop Ragnhild Jepsen

Medarbeidarane i Fjell sokneteam:

| Medarbeidar | Stilling |
|--------------------------|---------------------------|
| Per Hjemdal | Sokneprest |
| Anne L. Kaldestad | Soknetamleiar |
| Solveig Karoline F. Vik | Kantor |
| Tove Olene Foss Solvang | Administrasjonskonsulent |
| Ole Kristian Hamre | Kyrkjelydsarbeidar |
| Karianne Kleppe | Kyrkjelydspedagog (vikar) |
| Jakob Myhre | Ungdomsarbeidar |
| Renate Olsen Seim | Diakoniarbeidar |
| Janne-Lin Fjeld Andersen | Kyrkjetenar |
| Ingalis Apelthun Malmo | Helgekyrkjetenar |

Årsrekneskapen Fjell sokneråd 2024

Fjell sokneråd har i 2024 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 101.057. Samla utgifter utgjer kr 985.972 og samla inntekter utgjer kr 1.087.029. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Fjell sokneråd.

Fjell sokneråd har i 2024 brukt kr 115.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

Inntekter knytt til 150-årsjubileet utgjorde totalt kr 318.813.

Offer innsamla til eigne verksemd utgjorde kr 154.519 i 2024. Av dette var kr 67.263 til 150-årsjubileum. Offer til andre formål utgjorde kr 283.063 og er utbetalt til ei rekke formål i 2024. I fast gjevarteneste er det samla inn kr 92.978. Vidare har Fjell sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 174.956. Av dette utgjer tilskot til 150-årsjubileum kr 163.500.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Fjell sokneråd på mange ulike måtar i 2024.

